Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gloppen

Emne: Brynet, ljåen og bruken

Bygdelag: Nordfjord

Oppskr. av: Jonas Ryssdal 66 år fødd 23/10 1880. agent.
(adresse): Sandane i Nordfjord

Gard: Ryssdal, som eg er fødd og oppvoksen på og arbeidd på til eg var 20 år

G.nr. I  Br.nr. II

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og etter fortalt av far - Lars R. Ryssdal

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Bryne. Bryne ljå (ein) Øks (ei) Sigd (ein) og i andre høve: Kvekkje, eg må visst kvekkje ljåen, den er nett kvekt. han kvatte den (ljåen, økse, kniven) Her reknar vi skille millom hein og bryne. Heina er eit finare bryneslag, som vanleg brukast til finare leitjarn som t.d. snikkarverktyg og anna som skal ha eit sers fint skarpt leit.

II Før var brynome av natursteín. Seinare fekk vi dei og av kunststein, og er det dei enste som nå vanleg brukes. Her fantes ikkje brynesteinsbrot, og kom storparten av dei frå Trondheim og endel frå Telemark. Fæst kjøpte dei på butikk.

III Etter fyrste slipning på rund stein, blei ået leitjarn bryna eller heina nokre gonger, når det var blitt sløvt, før ein tok ny framsliping på rundstein. Etter sliping på rundstein, gjekk ein alltid ~~[illegible]~~ det slipte med bryne eller hein for å få skarpere egg.

IV Far snakte om at dei brukte tynsteljå i sine fyrste barneår, omkring 1850; men eg har ikkje sett dei. Ljåen var ikkje ståesett, og måtte dei vere forsiktare for ikkje å bøye seg formykje i grauet. Dei måtte alltid hamres ut med hammer, før dei blei slipte att til bruk. Dette gjorde kvar mann sjølv

300

ra kvar gardbrukar hadde si eiga smie, og blei tynslinga utført på dette vanlege smiestedet. (ambolt)
Det blei slik med sigden og i dei tider. Det var ikkje nokk med berre tynnsling, dei måtte og slipas på ein eller anna veis, så sliping har vore ibruk i alle tider man har brukt verktøy av metal eller jarn; men eg høurde i ungdomen, at folk kallte den ljåen ni da bruukte for "herdslelja" motsett tynslelja.
Herdsleljåen var tyn og fin (stålsatt) og behøvde heile tida berre slipas.

V Både på vårsløylen og summarsløylen, såg eg slike steinar, og huskar eg fao kalte dein Smedastein. namnet kom vel av at gjølget i disse var sond. Støypt av same slaget som seinare vanstein. Det peikar på at før dei kom, matte dei greide slipinga på ein alm-vatterstein

VI Kor lenge ein kunne bruka ljåen før ny sliping, berodde på kor lenge man greide å halde den i lett med brynet. Man hadde altid fleire ljå med på slåtteleigno. Der var ofte mykje stein, som stakk opp i grasmarka, og var det ein kunst å passe seg for å steinhogge ljåen og på same tid slå fort og pent.
Kunde man nå til slipestein, sliple ein dei brukte ljåa, eller ein hadde ete dei vanlege måletid for dagen. Attenddo ein med heimeslått gjekk ein heim og sliple. I utslått matte ein ha så mange ljå med, at ein hadde nokk til dagsslette; men sliping blei altid teke såfort det var høve.

VII Til vanleg brukte ein gjerne berre eit bryne, Seinare har vi sokalla smergelbryne, og etter bruken av dette, kvesser det ein gåv etter med eit finare bryne eller hein. Bryner av eit eller anna treslag er ukjend her


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

VIII Ljåen man tidlegare fekk hjå bygdesmedarne var ikkje framslipte. I dei seinare åra har dei byrja kunne dei slipte og. Da ein fekk dei uslipte, blei fyrste framslipinga før ljåen blei satt på orvet, og haldt da eggen fra seg. Seinare tok ein ikkje ljåen av orvet når ein slepte den, og haldt da eggen mot seg. Det er lettare å slipe ein ljå når den er fast på orvet, å løysa ljåen fra orvet når den skulle slipes, ville skaffe masse arbeid og.

IX Mandfolka hadde gjerne eit lærbelte rundt livet som slirekniven i slire hang etter. Når den skulle brynes, stakk man orvet millom beltet og kroppen. Andre stakk orvet millom buksselen. Kvinfolket haldt orvet fast millom knærne. Langorven blei kjørt fast i marka, med den spisse enden av orvet, når den blei brynt.

Hadde man brynevatn med på slåtteteigen, kunne det dette var i, anten bli kalla kjeraed (eit) butt (ein) eller kopp (ein). Fra dette tok ein brynet og sette det ned att etter ein var ferdig med bryninga. Det var berre få som brukte å bere brynet i ein kopp festet til beltet. Denne var av tre, og var fyldt med litt brynevatn. Denne blei helst kalla for bryneslire (ei), og var komet forskjellig på beltet.

X, XI, XII } Besvart i IX

XIII Ein fikk brynet både av natur- og kunststein. Derimot ikkje dei sokalla smergelbryner. Skulle ein kvesse svært fint eit bitjarn, t.d. ein barberkniv- lorkniv eller høvletann, brukte ein hein og brukte da helst olje. Ellers brukte ein vatn eller spyttet på brynet.

XIV til XX Spørsmålene besvares med: Ukjendt her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

300